



RETNINGSLINER FOR SFO I SULA

1. Definisjon og formål:

SFO i Sula:

Skal vere eit pedagogisk stimulerande omsorg- og fritidstilbod for barn på 1.- 4. årstrinn og for barn med særskilte behov på 1. til 7. årstrinn. Aktivitetane skal skje innanfor ei trygg sosial og pedagogisk ramme, og skal vere ein del av skulen sin totale verksemd.

2. Styring og leiing:

Det politiske ansvaret for SFO ligg i Oppvekstutvalet med einingsleiar, rektor som er administrativ og fagleg ansvarleg leiar. Den einskilde SFO-verksemd skal i tillegg ha dagleg SFO-leiar i samsvar med avtaleverket, underordna rektor. Lokalt styringsorgan er skulen sitt samarbeidsutval.

3. Foreldrekontakt:

Samarbeidsutvalet skal minst ha ein foreldrekontakt som har barn i skulefritidsordninga. Alle foreldre som har barn i SFO, skal kallast inn til minst eitt foreldremøte i året.

4. Bemanning:

Rektor sørger for at bemanninga til ei kvar tid er forsvarleg. Det skal til vanleg ikkje vere mindre enn to tilsette saman med barna. Er det berre 1 vaksen til stades, skal det finnast eit beredskapsopplegg, slik at det minst finst telefonsamband ut og at assistanse kan tilkallast på mindre enn 5 minutt.

5. Leiing:

Leiarar for SFO bør ha pedagogisk kompetanse, vanlegvis førskulelærar, men

anna kompetanse kan vurderast. Tid til leiing og førebuing kjem i tillegg til bemanningsplanen.

6. Opningstid:

Den daglege opningstida skal leggjast før og etter skulen sine undervisningstimar for dei minste elevane, slik at dei i ønskeleg kan få samanhengande tilsyn frå kl.07.00 - 16.30. Opningstida er 11 månader pr. år i perioden 1. august t.o.m. 30. juni påfølgjande år. SFO held ope alle virkedagar med unntak av laurdag, jul- og nyttårsaftan og 5 planleggingsdagar. Onsdag før skjærtorsdag er opningstida fram til kl. 12.00. Ordninga held stengt i juli månad.

7. Plasstilbod - opphald:

Elevar blir gitt tilbod om opphald før og etter ordinær skuletid i tidsrommet 07.00 - 16.30 med følgjande alternative kategoriar.

1. Inntil 10 timar
2. Inntil 15 timar
3. Full tid
4. Kortidsopphald

8. Kortidsopphold:

Når det er ledig plass, kan barn takast inn på enkeltopphald anten på dag- eller timebasis. Betaling pr time blir fastsett av kommunestyret samtidig med det årlege vedtaket om betalingsregulativ. Inntekter som ei SFO- verksemd oppnår på denne måten, blir ført tilbake til vedkomande SFO.

9. Leike og opphaldsareal:

Leike- og opphaldsarealet blir i utgangspunktet regulert av skulen sine disponible lokale og uteområde og det som rektor til kvar tid finn forsvarleg.

Adresse:

«Sse_Adr»

«Sse_Postnr»

«Sse_Poststed»

Telefon:

Sentralbord: 70 19 91 00

Saksbeh: «Sbr_Tlf»

Telefaks: «Sse_Fax»

E-post:

postmottak@sula.kommune.no

Web:

www.sula.kommune.no

Bankgiro:

8647 10 92152

Skattekonto:

6345 06 15317

Foretaksnr.:

964 980 543

10. Inntaksområde:

Opptakspotensiale for kvar SFO er vedkommende skule. Dersom det ved ein skule blir for få barn til at ordninga kan drivast, kan skular sjåast under eitt.

11. Inntak og oppseiing av plass:

Inntak av barn blir foretatt av rektor, med 3 vekers klagefrist. Oppvekstutvalet er ankeinstans.

Ved evt. avgrensingar i inntak, skal barn med særskilde behov prioriterast framfor eldre. Det blir nytta eigne søknadsskjema. Ledige plassar blir kunngjort gjennom skulen. Søknadsfrist skal vere 15. april. Når eit barn er tildelt plass i skulefritidsordninga, beheld barnet plassen til den blir sagt opp eller endra av føresette. Om plass ikkje vert sagt opp av føresette gjeld plasstilbod ut 4.trinn. For barn med særskilte behov må det søkast om plass ut over 4.trinn. Delvis eller heil oppseiing av plass i SFO i løpet av skuleåret må gjerast innan den 1. i kvar månad. I oppseiingstida som er i månad, må ein betale for den plassen ein har. Plass kan ikkje seiast opp seinare enn 1. april med verknad frå 1. mai. Ved seinare oppseiing må foreldrebetaling halde fram ut skuleåret. Oppseiing eller endring av plasstype for barn med plass i SFO for neste skuleår (august) skal skje innan 1.6. Ved seinare oppseiing må foreldrebetaling halde fram ut august månad. Påmelding til feriar og fridagar for hausten skjer samstundes med hovudpåmelding i april, men med ytterlegare frist for haust og juleferien 15. september. Påmelding for vårsemesteret skjer med svarfrist 15. november, men med ytterlegare fristar innan 15. januar og 15. april.

SFO ved alle skular skal halde ope så sant det er barn som er påmelde ordninga. SFO-tilbod kan likevel organiserast slik at fleire ordningar går saman om eit tilbod i feriar og fridagar, når det er få barn i ordninga, t.d. mindre enn 6 til saman.

12. Betaling:

Betaling skjer med frist innan den 15. i kvar månad. Det blir kravd betaling i 11 månader. Med saksbehandling og klagerett

etter forvaltningslova kan rektor, ved manglande betaling eller vesentleg misferd, seie opp plassen til ein elev. Det same gjeld om foreldre har manglande betaling i høve til dei kommunale barnehagane. Vedtaket kan setjast i verk 1 månad frå den dato det blir kunngjort for foreldra.

Dersom born i SFO fleire gonger vert henta etter 16:30, ordinær opningstid, vil føresette verte fakturert eit gebyr på kroner 200,- per gong. Dette gebyret skal dekke SFO sine utgifter til ekstra lønnskostnader som følgje av henting etter ordinær opningstid.

13. Ansvar:

Den einskilde SFO- verksemd er ansvarleg for barna i den tida dei oppheld seg der. Kommunen teiknar kollektiv ulykkesforsikring for kvart barn som har plass i dei kommunale skulefritidsordningane.

14. Årsplan:

Ved kvar verksemd skal det utarbeidast årsplan for innhald og organisering av skulefritidsordninga.

15. Teieplikt:

Personalet i SFO har teieplikt etter reglane i forvaltningslova §13.

Retningslinene vart vedteke i kommunestyret den 13.09.2018, sak nr. K 058/18
Retningslinene gjeld i frå 01.01.2019

Anne- Grethe Skjærseth
kommunalsjef